

Fiskeridirektoratet
Postboks 185 Sentrum
5804 BERGEN

Oslo, 19.06.2026
Vår ref. 26/1107-10
633/ANSK
Dykkar ref.

Att:

Høyring - fiskeritillatingar, kvotetak og fordeling av strukturevinst

Landsorganisasjonen i Norge (LO) viser til overnemnde høyring frå Fiskeridirektoratet på oppdrag frå Nærings- og fiskeridepartementet. Høyringa er ei oppfølging av tidlegare og nylege stortingsvedtak, mellom anna kvotemelding 1 og 2, samt endra bestemmelsar i deltakarlova og havressurslova. Det er her forslag om to nye forskrifter; Forskrift om fiskeritillatingar og deltaking i opne fiskeri, og Forskrift om særskilte kvoteordningar og strukturevinst.

LOs medlemmer i fiskerinæringa er hovudsakleg yrkesfiskarar i havfiskeflåten, og arbeidstakarar innan fiskemottak, industriproduksjon og vidareforedling av fangsten på land. Desse medlemsgruppene, og familiane deira, er busette i små og store kystsamfunn langs heile kysten. For oss er det avgjerande å sikre og oppretthalde trygge og gode arbeidsvilkår og levekår for våre medlemmer. Hovudmålet med fiskeripolitikken må vere å legge til rette for ei berekraftig, forsvarleg fiskeriforvaltning, som sikrar ressursgrunnlag, økosystem, sysselsetting, busetnad, beredskap og tilstadevere langs heile kysten, både no og for framtida. Det er brei einigheit, både i fiskerinæringa sjølv og politisk, om at vi skal ha ein variert flåtestruktur med små og store fiskefarty som kan drivast med lønsemd. Det er framleis slik at målet om å hauste heile den tildelte kvota ligg fast, noko som er avgjerande både for tilgong på mat frå havet, og trygging av heile verdikjeda. For LO er det avgjerande at fiskeripolitikken innrettast slik at fellesskapets ressursar kjem fellesskapet til gode i form av heilårleg verdiskaping i Norge, med trygge og gode arbeidsplassar. - LO arbeider for å sikre føreseielege og stabile rammer som legg til rette for dette.

Den nye forskrifta om fiskeritillatingar og deltaking i opne fiskeri vil erstatte konsesjonsforskrifta og deltakarforskrifta, og det vil vere nødvendig å gjere tilpassingar i ei rekke andre forskrifter (reguleringsforskrifter for det enkelte fiskeri, utøvningsforskrifta, ervervstillatningsforskrifta, om leveringsplikt for farty med torsketrållating, delegeringsvedtak, mm) samt i Fiskeridirektoratets registre. Dette er ei kompleks sak som reiser prinsipielle spørsmål mellom anna knytt til eigarkonsentrasjon, kvotetak og fordeling av store verdiar, - noko som vedkjem forholdet mellom fellesskapet og aktørane i næringa. Etter LOs syn er omfanget av endringsforslaget og påverknaden på fiskeripolitiskle mål lite omhandla og vurdert i høyringsnotatet. LO forventar at regjeringa vil følge opp dette i vidare arbeid.

Utgangspunktet for strukturering var å tilpasse fangstleddet til ressursgrunnlaget. Etter kvart vart det òg eit sentralt mål å sikre ei kontinuerleg produktivitetutvikling, og legge til rette for betra lønsemd. - Det har altså vore ein villa politikk å få færre og lønsame einingar. LO meiner strukturkvoteordninga i all

Landsorganisasjonen i Norge

Torggata 12, N-0181 Oslo E-post: lo@lo.no www.lo.no Telefon: +47 23 06 10 00
Organisasjonsnummer: 971 074 337 Kontonr.: 9001 07 00182
Elektronisk faktura (EHF): 9908:971074337



hovudsak har fungert etter hensikta. Flåten er redusert til eit nivå som gir grunnlag for lønsam drift, samstundes som sysselsetting er ivaretatt og konsentrasjonen av kvoterettar framstår som akseptabel. Samstundes ser ein at sjølv om strukturering har medført færre einingar, så er fangstkapasiteten som følge av teknologisk utvikling, vel så stor som før. Vi har sett ei halvering av talet på arbeidsplassar/yrkesfiskarar i fiskeflåten sidan tusenårsskiftet. Konsekvensar av kvotesystemet og struktureringa for arbeidsplassar på havet, i mottaksstrukturen, for landingar og industriarbeidsplassar må etter LOs syn utgreiast og vektleggast i vidare oppfølging. Strukturgrep som bidreg til ytterlegare konsentrasjonar i flåten, eller svekkar råstofftilgongen til anlegg på land, vil undergrave både verdiskaping og sysselsetting.

I tidlegare høyringar om strukturgevinstfordeling, har LO understreka at utgåtte strukturkvoter som kan halde fram innanfor forsvarleg forvaltning, bør kome dei respektive strukturgruppene til gode og fordelast på grunnkvota, slik det i si tid vart føresett då strukturering vart vedtatt av Stortinget. LO har òg tatt til orde for at det framover må vurderast grundig om ytterlegare strukturering i fiskeflåten faktisk er nødvendig, eller om andre tiltak betre kan sikre ei berekraftig ressursforvaltning av alle marine ressursar. Det har òg vore påpeika at om vidare strukturering skal tillatast, må ein sjå nøye på tidsavgrensingar, og om framtidige struktureringsordningar ev kan slå urimeleg ut for dei som allereie har strukturert. LO gjekk ikkje direkte imot den føreslåtte fordelinga av strukturgevinst etter den såkalla modell X, men stilte seg heller ikkje bak forslaget, då dette spørsmålet kom opp i samband med Kvotemelding 2.0.

Fiskeridirektoratet ber særskilt om høyringsinstansanes syn på fleire spørsmål, og vi svarar etter følgande rekkefølge:

1. Innføring av to bestemmelsar om leigefarty ved å skilje leigefary ved havari/forlis, og leigefarty ved kontrahering av nybygg.
2. Om kvalfangstillatinga og selfangstillatinga bør endrast frå ei årleg tillating til ei tidsavgrensa tillating.
3. Om oppheving av diverse utdaterte unntaksbestemmelsar ved vilkår for deltakartilgong.
4. Namnsetting på fiskeritillatingar.
5. Om tilgong til deltaking i reketrålfisket ved Grønland bør opphevast for opa gruppe.
6. Den føreslåtte endringa av kvotetak i kystfiskeflåten.
7. Om utskiftingstillating for eit farty bør likestillast med at fartyet trekkast ut av fiske ved bruk av strukturkvoteordning.
8. Felles fordelingsnøkkel for all strukturgevinst.
9. Innføring av ein ny tredje type kvotefaktor; strukturgevinstkvotefaktor, samt handtering av denne ved framtidig strukturering og ved tildeling til ny eigar.
10. Forståinga Fiskeridirektoratet legg til grunn for handtering av deling av strukturgevinst.
11. Muligheit for korrigering av "omvendt strukturering".
12. Korvidt grunnkvotefaktorar knytt til rekrutteringsordninga 2010-2019 bør omfattast av deling av strukturgevinstkvotefaktorar.
13. Tre alternativ for handtering, der kvotetak eller eigarkonsentrasjonsreglar overstigast i samband med deling av strukturgevinstkvotefaktorar (A,B og C).
14. Om kondemneringskravet ved samanslåing av reketråltillatingar bør opphevast.



1. Det synast fornuftig å skilje leigefarty-bestemmelsane for havari/forlis og for nybyggordning i to eigne bestemmelsar, og LO støttar dette. LO meiner elles at streng kontroll med at ordningane med leigefarty vert nytta som føresett, framleis må prioriterast.
2. LO støttar ikkje forslaget om å gjere selfangst- og kvalfangsttillatingane tidsuavgrensa. LO er uroa over at ei tidsuavgrensa tillating kan verte salsobjekt, og vil åtvare mot å gjere endringar som tilrettelegg for det.
3. LO forstår det slik at unntaksbestemmelsane det her er snakk om å oppheve, ikkje lenger er aktuelle eller relevante. LO kan såleis støtte at desse opphevast.
4. LO har ingen særskilte innvendingar på forslaga til namn på dei ulike fiskeritillatingane.
5. LO kan støtte å oppheve tilgongen til deltaking i rekestrålfisket ved Grønland for opa gruppe.
6. LO meiner framstillinga av kva følger ei justering som føreslått vil kunne ha er mangelfullt skissert, og kan derfor ikkje støtte dette forslaget.
7. Slik LO forstår dette forslaget, så er formålet forenkling. LO vil imidlertid påpeike at denne endringa kan føre til ei svekking av koplinga mellom strukturering og uttak av farty, og slik sett svekke legitimiteten til ordninga. Ei slik endring gir i stor grad konkurranseføremoner for fleirskipsreiarlag, og kan styrke ei utvikling til auka eigarkonsentrasjon, i strid med uttala fiskeripolitiske målsettingar. Effektane av ei slik endring synast ikkje tatt med i vurderingane frå Fiskeridirektoratet, og LO kan derfor ikkje støtte dette.
8. LO ser at det kan vere ei forenkling å innføre ein felles fordelingsnøkkel for all strukturgevinst, dersom utgangspunktet er modell X. Vi minner likevel om føresetnadene i vedtak 529 under Stortingets behandling av Kvotemelding 2.0, der det vert slått fast at strukturgevinst skal fordelast med full effekt på grunnkvoter og halv effekt til attverande strukturkvoter.
9. Når det gjeld innføring av ein ny, tredje type kvotefaktor; strukturgevinstkvotefaktor, oppfattar LO at bakgrunnen for forslaget er registrerings- og dokumenteringsomsyn for å handtere tilbakefallet. LO vil understreke at det er vårt syn at strukturgevinstkvotefaktorar ikkje skal kunne gjerast til sjølvstendige omsettelege kvotefaktorar. Når det gjeld handtering av strukturgevinstkvotefaktor ved framtidig strukturering og ved tildeling til ny eigar, meiner LO at strukturgevinstkvotefaktorar knytt til strukturkvoter må vere bundne til strukturkvotene og følge dei same tidsavgrensingane. Og strukturgevinstkvotefaktorar knytt til grunnkvoter må følge grunnkvota ved oppgiving til framtidig strukturering, og behandlast etter gjeldande avkortingsreglar og strukturregelverk. Vi viser elles til vårt svar i punkt 13.
10. LO er samd i Fiskeridirektoratets tolking og forståinga som er lagt til grunn for handtering av deling av strukturgevinst.
11. Vedrørande "omvendt strukturering", så har ikkje LO innvendingar mot at det kan opnast for korrigeringsregulering. Vi føreset at det stillast strenge krav til dokumentasjon, og at det settast ein absolutt frist til utgangen av 2026 for å kunne søke om slik korrigeringsregulering.



12. Rekrutteringskvotene gitt 2010-2019 vart tildelt vederlagsfritt, med vilkår om at dei ikkje kunne omsettast eller strukturertast. LO meiner rekrutteringskvotene ikkje kan omfattast av strukturgevinstkvotefaktor-ordninga, og såleis heller ikkje tildelast strukturgevinst.

13. Strukturgevinst har heile tida vore ein føresett og kjent del av strukturordninga, og tilbakeføring av denne til flåten er eit grunnleggande prinsipp. Ved val av alternativ (A, B eller C) for handtering, vil LO vektlegge den løysinga som vidarefører dei grunnleggande prinsippa i dagens system, og som ikkje i særleg grad endrar balansen mellom struktur, lønsemd og fordeling. Ved val av løysing bør følgande leggest til grunn:

- at kvotetaka framleis fungerer som eit reelt styringsverktøy
- at utviklinga i eigarkonsentrasjon er kontrollert
- at systemet er føreseieleg og handterleg for aktørane
- at det ikkje etablerast nye drivarar for vidare oppbygging av kvotemasse over tid.

LO meiner alternativ A bør veljast. Alternativet inneber at fartyeigar får behalde tilordna strukturgevinst, og får ein rimeleg frist til å tilpasse seg kvotetaket, dersom dette overstigast som følge av tilordna strukturgevinst. Tilpassing kan skje på ein kontrollert måte. LO meiner alternativet gir nødvendig fleksibilitet, samstundes som det hindrar varig oppbygging utover kvotetaka. Dette alternativet kan gjennomførast innanfor eksisterande ordningar. - Det kan etter vårt syn òg gjennomførast utan å innføre strukturgevinstkvotefaktor som eigen kvotekategori.

14. Forslaget om oppheving av kondemneringskravet ved samanslåing av reketråltillatingar kan støttast.

Avslutningsvis finn LO elles grunn til å minne om at ordval og språk i dei føreslåtte nye forskriftene ikkje vert gjort særleg tilgjengelege. Det er etter vårt syn unødvendig å finne på nye og kronglete ord som "strukturgevinstkvotefaktor", og vi vil utfordre Fiskeridirektoratet til å gå gjennom forslaga med klarspråk for auge.

Med venleg helsing
LO Norge

Odd Haldgeir Larsen
(sign.)

Kenneth Sandmo
(sign.)

Saksbehandlar: Anne-Beth Skrede

Dette brevet er godkjent elektronisk i Landsorganisasjonen i Norge og har derfor ingen signatur.